



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 17. juni 2013

NVE

FRÅSEGN – SØKNAD OM KONSESJON FOR SKALLELVA KRAFTVERK – HALSA KOMMUNE

Viser til dykkar ref. 201101.180-7

Naturvernforbundet ønskjer å kome med ei fråsegn til denne søknaden.

Dei siste par vekene har vi mottatt melding om ytterlegare to vassdrag i kommunen som er sendt på høyring. Det er tilhøve ved desse vassdraga som gjer at det er uheldig at høyringa for Skallelva no blir avslutta. Desse konsesjonssakene må til ein viss grad sjåast i samanheng, og det kan tenkjast at det ikkje er rekkefølgja som bør avgjere kva vassdrag som må få vere urørt om det blir eit tema.

For dei delane av Skallelvavassdraget som vi har fått sett i felt har vi sett omtrent det same som Bioreg AS fortel om i biologisk mangfaldrapporten, men vi vurderer noko av dette på ein litt annan måte. Dette kjem vi tilbake til.

Elvelandskapet som her er omsøkt utbygd har eit visst særpreg, sjølv om mykje av særpreget berre kjem fram viss ein går langs vassdraget. Vi ønskjer å seie noko om dette i form av bilete frå vassdraget.

Eit hovudtema må vere om det finst tilsvarande landskaps- og naturtypar elles i området, og om det er tilstrekkeleg mange av dei til at Skallelva kan byggast ut.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

1. Naturtypene i Skallelvavassdraget

Elvene er enten nedskorne i berget i form av mindre eller større kløfter, eller går over lausmassar med varierende substrat frå grus til storstein.


Frå kraftstasjonsområdet har ein først eit område som i utgangspunktet skal reknast til gråor-heggeskog. Men det er granplantefelt heilt inntil, og det er rydda mykje i samband med kraftlina gjennom området, i tillegg til at det er inngrep i samband med traktorveg m.v. Dei delane av lokaliteten som kan reknast å ha restverdi er for små til å skilje ut som eigen naturtypelokalitet.

Rett på oversida av hovudvegen er det i utgangspunktet blåbærfuruskog, med innslag av anna vegetasjon langs elvene og vekslande med granplantefelt. På oversida av furuskogen har Bioreg observert ein gråor-heggeskog dei ikkje har vurdert som naturtypelokalitet. Vi meiner denne har kvalitetar slik at han skal avgrensast som lokalitet, omtrent slik som vist på kart nedanfor. Lokaliteten vil bli råka av tiltaket i form av mindre vassføring, som kan påverke særleg dei delane som kan reknast som flaummarksskog, men grunnvasstand på resten av arealet kan moglegvis også bli påverka. Elles vil røyrtraseen gå ikkje så langt på nordsida av lokaliteten. For at arbeidet med røyrtrase ikkje skal påverke verdiane, må det reknast ei buffersone.



Figur 1. Gråor-heggeskog, omtrentleg avgrensing.

På oversida av gråor-heggeskogen går Skallelva snart over i ei kløft. I nedre delar av denne kløfta er det noko varierende innslag av granplanting, men gradvis får ein overgang til blåbærfuruskog oppe på kantane. Sørbreidda av elva er jamt skrånande mot elvestrengen, nordsida er ofte loddrett. I Skallelva fann vi ein foss, sjølv om det i søknaden står at det ikkje er fossar i elva. Fossesprøytlokaliteten hos Bioreg AS gjer greie for dei verdiane som er observert. Avgrensinga er nok litt grov, utan at det har nokon vesentleg verknad for vurdering av konsesjonssøknaden.



Uregistrert naturtypelokalitet: Gråor-heggeskogen (F05) har i hovudsak utforminga liskog/ravine (F0502) med vegetasjonstypen høgstaude-strutsevingutforming (C3a), men det er også noko flaummarkskog (F0501). Stadvis står det nokså grov gråor, og det er både noko ståande og liggande daut ved. Det er spreidde innslag av lungeneversamfunnet, som lungenever, skrubbenever, stiftfiltlav, grynvrenge, kystvrenge og glattvrenge, på rogn, gråor og selje. Strutseving dominerer, med innslag av i alle fall skogburkne, sauetelg, ormetelg, hengeving, fugletelg, turt, tyrihjelms (få funn lenger vest enn dette) mjødukt, skogstjerneblom, vendelrot og bringebær. Osp finst i nordkanten, platanlønn blei så vidt observert.

Grensa for lokaliteten er grovt trekt, og det kan vere behov for å rekne litt buffersone. Verdi høgare enn C er nok avhengig av ytterlegare funn.

Foto: Øystein Folden, 01.06.2013

Inn mot fossesprøytlokaliteten på nedsida, og i nokon grad på oversida finn ein biologiske verdiar litt ut over det som ein kan rekne som vanleg. Med mindre innslag av plantegran i nedre del, hadde det nok vore aktuelt å skilje ut ei større strekning som bekkekløft både nedanfor og ovafor fossesprøytlokaliteten.

Langs Midtelva har ein mykje dei same føresetnadene, men bekkekløfta er grunnare og det er sannsynlegvis ikkje noko område som kvalifiserer til fossesprøytlokalitet.

Den nordre elva har vi ikkje gått langs.

Når det gjeld overføringa av dei andre elvane over til Skallelva har vi sett noko på den sørlege delen av dette. For denne delen er det nok landskapsopplevinga som blir mest råka.

2. Føresetnaden for å finne ut kva ein har igjen av liknande natur i området

I Halså kommune er det fleire mindre vassdrag som renn frå søraust mot nordvest. Vi har ikkje detaljert kjennskap til desse. Nokre av desse er alt bygd ut på ulike måtar i samband med kraftverk eller fiskeoppdrett og fråført vatn. T.d. Rodal, Valsøyfjordbotn. Nokre fleire er omsøkt utbygd.

I søknaden blir det opplyst i pkt 3.6: «Det er mange elver og lokaliteter som innehar de samme biologiske verdiene i tilfelle dette vassdraget skulle bli bygd ut.»

I biologisk mangfaldrapporten er dette spørsmålet omtala slik:

I følge håndboka så er virkninger og konfliktgrad avhengig av om det finnes lignende kvaliteter utenfor utbyggingsområdet. Det er enda noen av de mindre elvene som ikke er utbygd i Halså og nabokommunene, men det er klart at det minker med slike. Siden de registrerte verdiene knyttet til elva for en stor del ligger i den omtalte fosseenga, så er det vanskelig å dra noen sikker konklusjon om hvorvidt det er andre elver som kan ta vare på noen av de naturverdiene som vil gå tapt ved å bygge ut denne elva. Akkurat i dette området er det ikke så mange verna vassdrag å vise til, men lengst sør i nabokommunen, Surnadal har vi de to vassdragene Søya og Todalselva som er varig verna. Men det kan godt være at også enkelte mindre elver kan tjene et slikt formål et stykke på vei. Med tanke på fossefall og næringsgrunnlaget til denne arten, så er det kjent at den søker opp mot fjellet når det lir et stykke ut i sesongen

Ved søk i Naturbase finst det ein lokalitet i Halså med fossesprøytsone, og det er i denne sammenhengen ikkje overraskande ved Skallelva. Ved søk på bekkekløft kjem det også ein for Halså kommune: Hennaelva, som også er omsøkt utbygd.

Det er mogleg at utbyggjar har rett i at det finst «mange elver og lokaliteter som innehar de samme biologiske verdiene», men viss dette skal leggest til grunn, krev vi å få oppgåve over kvar dei finst så vi kan sjå om dette stemmer. Elles får NVE legge til grunn at Skallelva representerer naturtypar som det kan vere igjen lite av i området.



Figur 2. Ein del av området som er mest påverka av fosserøyk. Foto: Øystein Folden 01.06.2013.

Kva vi har igjen elles, og kva kvalitetar som er knytt til desse, veit vi altså ikkje så mykje om, og

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

det er truleg ikkje undersøkt så mykje. Det er truleg eit spørsmål om saksopplysningane i denne saka er tilstrekkeleg til å oppfylle krava i NVE sin rettleiar, og vi meiner i alle fall at ein må legge til grunn betydelege manglar ved kunnskapsgrunnlaget (Naturmangfaldloven – nml - § 8) på dette punktet.

Nabokommunen Surnadal er såpass hardt utbygd at ein der ikkje kan rekne med å finne noko større igjen av slike kvalitetar. I nabokommunen Tingvoll er det einaste vassdraget med liknande bekkekløft konsesjonssøkt.

3. Spesielle miljø

I Midtelve blei det funne ein lokalitet med trevirke med noko dimensjon i elva. Det er berre få stader det ligg trevirke i elvestrengen, kontinuerleg vatna, men det finst. I slike miljø er det eit potensiale for funn av moseartar som er sjeldne og står på raudlista. Potensialet er nok ikkje stort, men det finst. Kunnskapen om desse miljøa i vassdraget er nok litt mangelfull. Om Bioreg AS har vurdert alle dei punkta som finst av denne typen er litt uvisst.

4. Veg og røytrase

På den nedre delen er området såpass prega av granplanting og traktorvegar at eit inngrep til ikkje representerer noka vesentleg endring anna enn i anleggsperioden og eit tiår etterpå. Dette under føresetnad at ein held seg unna gråor-heggeskogen som vi meiner skal vere utskilt som ein lokalitet.

Frå der ein forlet planteskogen og traktorvegen og vidare oppover vil inngrepet med veg og røytrase bli vesentleg større, sidan dette området ikkje er prega av inngrep frå før utover hogst frå lengre tid tilbake. Sjølv ein entreprenør som er god til å gjere inngrepet minst mogleg vil i dette terrenget rote det til slik at det vil vere ganske negativt for friluftslivet, mellom anna ein del ferdsel til Blåfjellet. På denne øvre strekninga er det elles eit godt alternativ å følgje terrenget på nordsida av elva framfor å bruke traktorvegen som går i ein slyng bort frå elva. Då vil ein også ha stadvis nærkontakt med elva på den strekninga som er mest attraktiv for friluftslivet.

Furuskogen der overføringane mellom elvene er planlagd oppnår truleg ikkje verdi som lokalitet av eldre skog, men det er likevel knytt ein del biologiske verdiar til området. Det står litt daud ved på strekninga. Graving av røytrase vil elles vere eit betydeleg inngrep i terrenget, i tillegg til at vatn blir borte frå elvene.

Fossen med noko av fossesprøytsone.

Foto: Øystein Folden, 01.06.2013



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

5. Vassføring

Forslaget til slepp av minstevassføring gir ei restvassføring som er svært lita, i lange periodar. Vi kan ikkje forstå anna enn at endringa vil gi ein betydeleg verknad, og denne verknaden vil i biologisk og friluftsmessig samanheng vere ganske negativ. For fossesprøytsone vil dette føre til store endringar.

6. Inntaksløysing

Vår vurdering er at Skallelva i alle fall er masseførande. Eit tradisjonelt inntak vil difor ha behov for vegtilkomst for reinsk av inntaksdammen. For å kunne bygge eit inntak utan behov for permanent veg, som eit avbøtande tiltak, må ein vurdere å bruke alternativ inntaksløysing, som Koandainntak.

7. Andre spørsmål

Det er i søknaden nemnt at vegar i samband med kraftutbygginga kan nyttast til hytteutbygging. Vi gjer merksam på at hytteutbygging som ein verknad av denne utbygginga vil auke kraftforbruket om straum blir innlagt i området om vinteren i periodar då det ikkje er vassføring til kraftproduksjon. Såleis representerer dette kraftprosjektet i så fall eit negativt bidrag til oppdekking av kraftsituasjonen i Møre og Romsdal.

Utbygging vil føre til tap av INON-areal. Viss noverande traktorvegar blir rusta opp slik at dei kan trafikkerast med bil, vil ein kunne få støy inn i attverande INON-område. Såleis kan inngrepet opplevast vesentleg større enn det arealreduksjonen skulle tilseie.

Nede ved hovudvegen førekjem alm som står på raudlista (NT). Frå Naturvernforbundet si synfaring blir det lagt inn observasjonar på www.artsobservasjoner.no.

Konklusjon

Naturverdiane i øvste del av planlagd utbyggingsstrekning i Skallelva har såpass store naturverdiar at inntaket ved ei eventuell utbygging må leggst noko nedanfor avmerka fossesprøytlokalitet. For å oppretthalde ein nødvendig del av dynamikken i vassdraget gjennom gråor-heggeskogen, bør ein la vere å overføre sideelvene, og ein oppnår ved det også at bekkekløftene i sidevassdraga har opphavleg vassføring. Inngrepa som er omsøkt i øvre del av området er elles store samanlikna med den kraftmengda som kan produserast.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr



Figur 3. Frå Skallelva litt nedanfor omøkt inntak og ovafor fossen. Sjølv om vassdraget ikkje syner veldig mykje frå bygda, er det i det minste god utsikt mot bygda frå vassdraget. Truleg vil røyrtraseane øvst syne ganske mykje frå bygda. Foto: Øystein Folden 01.06.2013.



Figur 4. Eit parti frå Midtelva. Også her er det fuktpåverka, men ikkje i så stor grad som i naboelva. Foto: Øystein Folden 01.06.2013.



Figur 5. Frå Midtelva litt nedanfor ei traktorvegkryssing. Stokken som syner til høgre i biletet er grov nok og stabil nok til at det kan vere meir krevjande moseartar knytt til denne. Foto: Øystein Folden 01.06.2013.



Figur 6. Biletet tatt frå Skallelva eit stykke opp for omsøkt inntaksdam. Overføringa frå dei andre elvene vil gå frå omlag midt i biletet og til ein tredel opp for nedre venstre hjørnet. På dette biletet kan ein sjå noverande inngrep i form av ein traktorveg til venstre i biletet og ei hytte under oppføring til høgre. Ein trase med overføringsleidning vil syne i mange år. Foto: Øystein Folden 01.06.2013.